

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 14. februar 2017.**

Tilstades:

Regionordførar Erik Skjervagen, Halvor Homme, Jaran Felland, Tarjei Gjelstad, Jon Rikard Kleven, Jon Svardal, Ketil Kiland, Sverre Sæter, John Kleiv, Øystein Tveit, Jan Myrekrok, Per Dehli, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Tarjei Gjelstad tok opp ei tilleggssak omkring eit tidlegare møte i styringsgruppa for nærpolitireformen der Halfdan Haugan hadde representert regionen i samband med prosessen rundt antal lensmannskontor i Vest-Telemark. Sidan Halfdan var fråverande vart saken utsett til neste møte.

Det vart vidare informert kort om mogleg oppretting av eit interkommunalt nettverk for kompetansebygging og erfaringsdeling innafor miljøvenleg byggeri.

Fyresdal kommune/næringshagebedriftene i Fyresdal vil vera sekretariat for nettverket, og det er eit ynskje å få med 10 – 11 aktørar.

Målsettingane til nettverket er:

- *Etablere ressursgruppe for miljøvenleg byggeri*
- *Gjennomføre kompetansehevande tiltak innan bygg*
- *Få tilgang til nasjonal og regional spisskompetanse innan berekraftig byggeri*

Det vart også peika på at Kviteseid planlegg ein dialogkonferanse for innovativt innkjøp, der ein ynskjer å få med fleire kommunar.

### **Sak 01/2017. Referat frå rådsmøte 15. november 2016.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 15. november 2016 vert samrøystes godkjent.*

### **Sak 02/2017. NAV Vest-Telemark - orientering om tilbodet med nærare fokus på kontorstrukturen og arbeidsmarknads-bedriftene.**

**v/fylkesdirektør Terje Tønnessen.**

Tilstades i denne saken var også leiarane av dei enkelte NAV-kontora i Vest-Telemark.

Hovudsatsingsområde i 2017 er:

Marknadsarbeid, tiltaksgjennomføring, ungdomssatsing, brukaroppleving, aktivitetsverkstad sjukefråvær og AAP/nedsett arbeidsevne/AAP/uføre samt integrering/innvandrarar.

Tønnessen gjekk gjennom statistikken for dei enkelte kommunane og samanheldt denne med landsgjennomsnittet. Situasjonen i Telemark er at altfor mange unge er utanfor skule og arbeid og NAV prioriterer auka innsats i 2017 for desse gruppene.

På landsplan har NAV 455 kontor i dag, eitt i kvar kommune samt fleire bydelskontor i dei store byane. Med 400 000 innkomande saker i månaden peika Tønnessen på at det kan oppstå dilemma mellom spesialisering og heilskap når det gjeld prioritering.

I Telemark er det i utgangspunktet overført mange oppgåver til lokalkontora. Overføring av ytterlegare oppgåver vil iflg Tønnessen kreve større miljø.

På spørsmål om det kan leggast særskilte aktivitetar til Vest-Telemark, svarte Tønnessen at det truleg kan skje om det er eitt miljø/ei leing i regionen, men ikkje nødvendigvis berre eitt kontor. Han peika vidare på at tenestene må vera i rimeleg nærleik og desse f. eks. kan tenkast kombinert med andre tenester i kommunehuset.

Avslutningsvis gjekk Terje Tønnessen gjennom status for tenestene som blir levert av dei ulike arbeids- og inkluderingsbedriftene i Vest-Telemark. Formidlingsresultata ligg delvis under gjennomsnittet for fylket, og dette vil vera i fokus i samband med det vidare arbeidet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### **Sak 03/2017. Innspel til handlingsprogrammet NTP 2018 - 2021/23.**

I samband med rulleringa av Nasjonal Transportplan og vegvesenets arbeid med handlingsprogrammet for perioden 2018 - 2021/23, hadde administrasjonen i VTR utarbeidd forslag til innspel til dette.

Innspelet inneheld konkrete forslag innafor programområda: gang/sykkelveggar, utbetring riksveg samt trafikksikkerhet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til det framlagte forslaget og ber administrasjonen formidle dette til Statens vegvesen region Sør.*

### **Sak 04/2017. "Telemarksvingen" - vidare arbeid.**

Børge Skårdal orienterte innleiingsvis om arbeidet som vart gjort i samband med rulleringa av Fylkesvegplanen i 2009, og dei prioriteringene regionen då gjorde i høve til vegstrekningar. Etter intern semje vart det mellom anna vedteke å prioritere Fv 355 Tjønnefoss - Krossli, Fv 38 Vrådal - Dalen - Åmot og Fv 37 Åmot - Rauland som dei viktigaste fylkesvegane i vår region. Saman med Rv 41 Tjønnefoss - Vrådal utgjør desse vegane det vi kallar "Telemarksvingen".

Skårdal foreslo å gjennomføre ei analyse av moglege tiltak som kan heve kvaliteten på Telemarksvingen. Arbeidet må avklarast med Statens vegvesen og Telemark fylkeskommune, og kan finansierast ved tidlegare løyvde midlar.

Forslaget fekk full tilslutning i møtet, og det vart peika på at ladestruktur for el-bilar måtte inngå i analysa.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og ynskjer å få ei nærare analyse av tiltak som kan heve kvaliteten på den såkalla Telemarksvingen.*

*Administrasjonen får i oppdrag å avklare interessa for dette med Telemark fylkeskommune og Statens vegvesen.*

*Vest-Telemarkrådet ber om at det blir laga ein plan for korleis dette kan organiserast og gjennomførast, og at Rådet får planen til drøfting og godkjenning.*

### **Sak 05/2017. Status for prosjektet Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark.**

#### **Orientering v/prosjektansvarleg Ketil Kiland**

Prosjektansvarleg Ketil Kiland orienterte nærare om prosjektet "Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark", som er organisert etter PLP-metoden, og der Rådmannsutvalet er styringsgruppe og ordførarane og rådmennene er lokaliseringsutval.

Følgjande arbeidsgrupper er sett ned:

- Arbeidsgruppe IKT med leiar Jan Myrekrok og Torbjørn Dyr Dahl som ekstern ressurs.
- Arbeidsgruppe Økonomi med leiar Øystein Tveit og Telemarksforsking som ekstern ressurs.
- Arbeidsgruppe Landbruk med leiar Sverre Sæter og Telemarksforsking som ekstern ressurs.
- Arbeidsgruppe Næring/reiseliv med leiar Per Dehli og Ernst & Young som ekstern ressurs.
- Arbeidsgruppe Konesjonskraft med leiar Ketil Kiland

Arbeidet i dei ulike gruppene går etter planen og det skal leggest fram rapportar innan 1. april 2017. Vest-Telemarktinget skal møtast 25. april der det blir orientert nærare om resultatet av arbeidet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

#### **Sak 06/2017. Skjønnsmidlar 2017.**

Etter drøftingar i Rådmannsutvalet er det søkt om 1,71 mill kroner til fylgjande 2 område:

- styrking av det interkommunale samarbeidet i regionen med kr 500 000,-
- Velferdsteknologi/helseretta tiltak med kr 1,210 mill kroner.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek saken til vitande.*

#### **Sak 07/2017. Mogleg etablering av ungdomsråd i Vest-Telemark, drøftingssak.**

Etter innspel frå Vinje kommune drøfta Rådet nærare kring mogleg oppretting av eit regionalt ungdomsråd.

Leiar av Telemark Ungdomsråd, Fredrik Flatland, var tilstades og orienterte nærare frå organiseringa på fylkesplan. Organiseringa av ungdomsråd er ein god måte å løfte fram saker som engasjerer ungdomen. I vår region er Seljord einaste kommunen som har ungdomsråd i dag. Tidlegare var det også ungdomsråd i Fyresdal.

I Vinje og Kviteseid er det etablert Ungdomens kommunestyre, der ordførar er med.

Erfaringa tilseier at det kan vera krevjande å få nok engasjement frå ungdomen, og at det kan hende er enklare å få til ein felles organisasjon for heile regionen ?

Avslutningsvis orienterte Jan Myrekrok frå eit møte i Fjellregionsamarbeidet der ungdom frå Tokke/Vinje deltok.

*Vedtak: Orienteringane takast til vitande. Vest-Telemarkrådet vil kome attende til saken etter nærare drøftingar i kommunane.*

#### **Sak 08/2017 Orienteringssaker.**

##### Etablerertenesten:

Ole Dalen orienterte nærare frå det 2 årige prosjektet i regi av fylkeskommunen, der etablerertenesten no er lagt om. Telemark Næringshage er leverandør frå og med januar i år, og har kontor i Kviteseid. I tillegg er tenesten tilgjengeleg i drop-in kontor i kvart av dei 6 kommunesentra ein dag annankvar veke.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

##### Mogleg samarbeid innan arbeidsgjevarkontroll - førespurnad frå Bø kommune.

Det låg føre kopi av brev frå Bø kommune til Kviteseid kommune med førespurnad om kommunane i Vest-Telemark ynskjer å nytte *Midt-Telemark Arbeidsgiverkontroll* i utføringa av arbeidsgjevarkontrollar. Fyresdal, Vinje og Seljord kjøper i dag tenester frå dette kontoret.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sender saken vidare for nærare drøfting i rådmannsutvalet.*

Breibandsmidlar 2017.

Børge Skårdal orienterte kort om situasjonen innafor breibandutbygginga i regionen.

Det er no lyst ut nye midlar til utbygging (140 mill på landsbasis). Det er gjennomført store utbyggingar av breiband dei siste 10 - 12 åra, men det er fortsatt behov for vidare utbygging og fornying i form av fiber.

Det er ynskjeleg med ein offensiv haldning i regionen, og Børge vil ta kontakte med kommunane med tanke på interessa for å søke. Dette er også eit samarbeid med fylkeskommunen som har ei fagleg rolle i høve til å prioritere blant søknadene. Vest-Telemark Næringsutvikling har nokre avgrensa midlar frå tidlegare løyvingar att til dette arbeidet.

Børge viste til at kommunane ved å legge inn ein betydeleg eigenadel i sine budsjett for 2018 og 2019, vil kunne få til ei betydeleg vidare utbygging av fiber. Det må gjennomførast ei kartlegging av aktuelle område i regionen.

Det var tilslutning til dette i møtet, og det vart streka under viktigheten av å få til spleiselag mellom kommunane, fylkeskommunen, staten og utbyggerane.

*Vedtak: Vest-Telemark Næringsutvikling får i oppdrag å gjennomføre ei kartlegging av det vidare utbyggingsbehovet i regionen, og legge dette fram for Vest-Telemarkrådet i eit seinare møte.*

Referent: Kjell Gunnar Heggenes